

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	OS	09.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/233

## Diverse orienteringar

### Framlegg til vedtak:

RMF tar orienteringa til vitande.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 001/21

#### RMNF - behandling:

Leiar Odd Sigvald Øksnes orienterte om dialogmøte som ein hadde hatt i samband med etableringa av Helsehuset. Det var etterlyst innspel til bruken, innan tre satsingsområde:

Psykisk helse og rus

Barn og unge

Somatikk

Eldrerådet i Alver har vore og sett på Helsehuset, 8. mars, eldreråd frå andre kommunar kan få komma på omvising seinare. Håpar Helsehuset kan verta eit løft for heile regionen.

---

Anny Bertelsen etterlyste ferdigstilling av rapporten om habilitering, som Mona Hatlem jobba med. Kommunalsjef Monika Kvamme svara at det står litt att på denne planen, håpar at det snart vert ferdigstilt.

----

Odd Sigvald Øksnes tok opp tidlegare diskuterte sak om leiar for arbeidssenteret. Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om at det frå 1. mai er på plass ein leiar for arbeid og inkludering, som skal leia Vestlia, alle tiltak og Austrheim arbeidssenter. Det er vernepleiar Britt Silvia Erstad Marøy som er tilsett, kjem frå arbeidssenteret Aufera på Manger.

Det er ikkje sett noko prosent på kor mykje stillinga skal bruka kvar plass. Ser på rollebeskrivelsen no for korleis dette skal vera. Dei som er på arbeidssenteret har ofte med seg tilsette frå der dei bur. Ser at det er etterspurt eit tilbod av denne typen. Vurderer korleis det vert framover for opningstider.

Odd Sigvald Øksnes ba om at ein ser på innspelet frå RMNF, arbeidssenteret har vore litt laust organisert.

Anny Bertelsen ba om at vedkommande kjem til rådet for å orientera, møtesekretæren inviterer til møtet 1. juni.

Etter spørsmål frå Mette Ekornrød om plassering av arbeidssenteret, sa Monika Kvamme at ein ser på om dagens bygg er for framtida, med tanke på at det manglar universell utforming i bygget. Men transport er ofte ein bøyg, og bygget i dag ligg veldig godt til med tanke på at det ligg sentralt. Odd Sigvald Øksnes sa at det er eit lokale på Sætre som er bra, men ikkje er universelt tilgjenge. Om dette sa Mette Ekornrød at ho er ugild på dette, men kan seia at det vert sett på om ein kan legga betre til rette enn i dag.

**RMNF - vedtak:**

RMF tar orienteringa til vitande.

**Saksopplysninger:**